

## ECSITE-konferansen

UtVite er godt representert under ECSITE-konferansen i Trento, Italia frå 11-13.juni. Her har du moglegheit til å høyre om aktivitetane og forskinga i UtVite (Expand på engelsk) både på REV-gruppa sin pre-konferanse og på hovudkonferansen.

### På REV-pre konferansen, onsdag 10.juni:

Her har UtVite eit innlegg som legg vekt på samarbeidet mellom forskning og praksis.

### På hovudkonferansen, laurdag 13.juni kl. 12-13:15 i Mozzarella:

Her er UtVite ein del av sesjonen «Participatory practices in science centers». Her skal Dagny og Merethe presentere saman med forskarar frå PULS, eit liknande prosjekt som UtVite ved Experimentarium i København. Dagny vil utdjupe tematikken i denne sesjonen under.

## Samarbeidspraksis i vitensenter

Sesjonen under ECSITE er et panel om endring av praksis i vitensentre. Panelet diskuterer hvordan vitensentrenes rolle endres, og hvordan utstillinger med rett eller gale svar ikke lenger er nok i dagens komplekse samfunn der kunnskap handler om tolkninger og forhandlinger.

Panelet vil adressere behovet for å utvikle nye samarbeidsmodeller og metoder for å nå dette målet. UtVite vil presentere hvordan vi arbeider med 'samarbeidsforskning' - collaborative research, i to av del-prosjektene våre. Vi vil presentere hvordan vi bygget opp videreutdanningskurset UtVite, som nå går inn i sin andre fase med målet å gi formidlere teoretiske og praktiske redskaper til å utvikle nye samarbeidspraksiser for utstillingsarbeid. Vi vil også presentere hvordan vi har arbeidet med ungdomsmedvirkning på Inspiria for å styrke forståelsen av og finne løsninger for engasjement med realfag i vitensentre.

Vi håper at dere som kommer til ECSITE 2015 kommer til sesjonen vår og deltar i diskusjonen.

## VU-PPU 210; Utforskning av vitensentre 2

Den 16. og 17.mars møttest 14 formidlalar frå 8 forskjellige vitensentre til første samling på UtVite modul 2. Samlinga vart gjennomført på Norsk Teknisk Museum.



Målet med oppfølgingsmodulen er å diskutere seg fram til ei felles forståing av kva som kjenneteiknar ein god installasjon, og korleis ein kan identifisere og utvikle slike installasjonar i praksis. For å sikre gode installasjonar i praksis, skal deltakarane engasjere tilsette i eigen institusjon til saman å tenke ut korleis ein kan jobbe mot å kvalitetssikre installasjonane i kvardagen. Korleis skal ein arbeide saman om å dokumentere og analysere publikum sine reaksjonar og vidare gjera re-design av installasjonane basert på desse erfaringane?

UtVite-kurset legg i stor grad opp til diskusjonsgrupper, plenumsdiskusjon og erfaringsutveksling. Deltakarane ser ut til å sette pris på denne arbeidsforma, då dei får moglegheit til å høyre om praksisen på andre vitensenter og diskutere felles praksis.

Kurset held på til ut hausten 2015.



## UtVite sitt halvdagsseminar

Den 3. februar gjennomførte UtVite eit halvdagsseminar på Norsk Teknisk Museum i tilknytning til den årlige formidlarsamlinga for vitensentera. Her var både tilsette og direktørane frå alle vitensentera samla.

UtVite er nå halvvegs i prosjektperioden, dette seminaret vart difor ein slags midtvegsvurdering. Kva resultat har kome frå prosjektet til nå? Og er desse resultatane noko vitensentera kan dra nytte av?

Det var ein spanande prosess å få lov til å presentere og få tilbakemelding på forskingsresultata frå dei som det gjeld. Det førte til nokon gode diskusjonar om t.d. betydninga av sosial interaksjon i utstillingsområdet og kva vitensentera faktisk skal bidra til. Her kom det opp ulike meiningar, noko som er viktig i prosessen med å gjera oss meir målbevisste og eksplisitte på kva me vil med vitensentera våre.


Dei ulike presentasjonane frå halvdagsseminaret finn de her: <http://utvite.org/presentasjoner/>.

## PhD-prosjektet

I PhD-prosjektet om kontroversar oppstår det mange interessante diskusjonar i planlegginga av skuleprogrammet. Gruppa, som består av to forskerar og fire formidlalar ved Inspiria Science Center, er innom fleire alternativ rundt designet på programmet.

Diskusjonar som oppstår er; Skal me fokusere meir på det etiske eller det realfaglige? Kva er personlig relevant for elevane? Kan ein få til praktiske aktivitetar som får elevane til å diskutere eit kontroversielt tema? Desse diskusjonane er nyttige for å få tak i utfordringane med kontrovers i vitensenter.

Planlegginga av skuleprogrammet er nå i sluttfasen, etter dette skal programmet testast ut på to skuleklassar.



## Forskarnettverksmøte

UtVite har registrert eit behov for å skape ein møteplass for dei som forskar på vitensenter. Det er difor sett i gong forskarnettverksmøter. Desse møta vert ofte gjennomført i tilknytning til andre arrangement i vitensentersamanheng. Under formidlarsamlinga i februar hadde me det tredje møtet. Her presenterer me eiga forskning for kvarandre, gir tilbakemeldingar og diskuterer vidare forskning.

## Masterstudent



I desse dagar leverer Karolina Anna Matyja masteroppgåva si ved Institutt for Informatikk, Universitetet i Oslo. Oppgåva fokuserer på korleis vitensenter kan involvere barn og unge i utvikling av installasjonar. Seks 13-åringar har kome med forslag til korleis BioEnergiPinBall-installasjonen kan vidareutviklast. Oppgåva til Karolina viser med dette korleis brukarmedvirkande metodikk ofte kan gi ei langt betre forståing av dei unge si oppleving av installasjonen enn dei meir tradisjonelle testmetodane.

Brukarmedvirkning (collaborative design) har i det siste hausta stadig større interesse, og fleire prosjekt i England, Danmark, Østerrike og Australia tek i bruk metoden for å gjere utstillingar meir relevant for publikumsgrupper.

## Fortsatt interessert i masterstudentar!

UtVite-prosjektet har stor nytte av masterstudentar. Ta difor gjerne kontakt med oss angående aktuelle masteroppgåver, så kan me hjelpe til med vinkling på tema og vegleing.

Sjekk ut nettsidene våre [utvite.org](http://utvite.org) for inspirasjon!

[Sjå forslag på aktuelle masteroppgåver her.](#)  
[Les alle masteroppgåvene i UtVite her!](#)

For meir informasjon om UtVite: [www.utvite.org](http://www.utvite.org)